



- eit fyrtårn i vest

LÅNEKONTRAKT - CHROMEBOOK

Tjeldstø skule



Informasjon, vilkår, konsekvensar og signatur



**ØY
GARD
EN**

**Tjeldstø
skule**

WWW.OYGARDEN.KOMMUNE.NO

Kjære foreldre,

Øygarden kommune har fokus på læring i teknologirike omgivelser i høve til fagfornyinga.

Ei heilskapleg og systematisk satsing på IKT i skulen vil bidra til å styrkje og utvikla elevane sine digitale ferdigheter, og til å jamna ut digital skilnad mellom klassar og skular. Målet er at elevane skal utvikla ein god digital praksis gjennom å arbeida med IKT i alle fag.

For at dette skal verta ein suksess så treng vi ein forpliktande avtale med elev og foreldre/føresette. Vi legg opp til at kvar elev får utlevert ei eiga maskin til disposisjon.

Vi har eit felles domene som heiter oygardenskule.no. Alle skulane i heile kommunen er ein del av denne løysinga.

Lånekontrakt - digitalt verktøy

Øygarden kommune stiller ein berbar Chromebook (CB) til rådighet for elevar til bruk i skularbeidet.

CB-en (og tilbehør) er skulen sin eigedom, men vert lånt ut til den einskilde elev. Den skal brukast både på **skulen og heime**, og eleven har

ansvar for å ta vare på CB-en i samsvar med kommunen og skulen sine ordensreglement.

Gjennom denne ordninga ynskjer vi at elevar Øygarden:

- Er digitalt aktive og har kompetanse til å tileigna seg nye digitale ferdigheter
- Opplever at IKT er ein naturleg integrert del av undervisninga
- Brukar IKT på ein hensiktsmessig måte for å læra innanfor ferdigheitsområda som er definert i læreplanen

Elevar som ønskjer å vera ein del av ordninga med lånt CB og kunna **bruka den utanfor skulen**, må akseptera vilkåra som står i denne avtalen. Avtalen må også underteiknast av foreldre/føresette.

Vilkår for bruksrett

1. CB-en er registrert på eleven personleg, og den skal ikkje lånast ut til andre.
2. Skulen sørgjer for at kvar elev får låna ein CB og tilhøyrande utstyr (**ladar og veske**). Eleven tek godt vare på CB-en og utstyret som føl med.
3. CB-en skal alltid vere med på skulen tilstrekkelig lada.
4. CB-en skal berre brukast til læring, både på skulen og heime, slik vaksne på skulen bestemmer. På skulen skal den elles vere plassert i sekken/skapet eller lukka på pulten.
5. Brukarnamn og passord er personlege, og eleven sørgjer for at andre ikkje får kunnskap om desse.
6. Eleven gjer seg kjend med «nettvettreglene» og føl desse.
www.dubestemmer.no
7. Skulen kan når som helst be om å få attende CB-en av tekniske/praktiske årsaker, eller gjentekne brot mot reglementet. Eleven må i slike tilfelle levere attende CB-en.

Redd Barnas nettvettregler

- Vis respekt for hverandre på nett. Mobbing på nett er minst like alvorlig som annen mobbing
- Tenk deg om før du deler personlige bilder og opplysninger om deg selv og andre på åpne nettsteder
- Lag et passord som er vanskelig å gjette. Passordet ditt er privat
- Husk at det er lett å lyve på nettet, ikke tro på alt som andre skriver
- Ta med noen du stoler på hvis du skal møte noen du har blitt kjent med på nettet, og møt dem på et offentlig sted
- Avslutt kontakten hvis du blir redd eller opplever noe ubehagelig. Blokker kontakten og meld fra til de som har ansvaret for nettstedet
- Fortell det til en voksen eller en annen du stoler på hvis du opplever noe ubehagelig. Det er ikke din skyld om noen andre gjør noe ubehagelig mot deg på nett
- Meld fra til politiet om alvorlige saker

POLITI

8. Skulen kan sjekke og evt. slette innhald på eleven sin brukar/maskin etter først å ha varsla eleven om dette.

9. Skulen erstattar ikkje tap av personlege data som er lagra på CB-en. Av sikkerheitsgrunnar bør data lagrast andre stadar enn på maskina (*Min disk/G-Drive*).



10. Eleven kontaktar ein vaksen på skulen dersom CB-en eller tilhøyrande utstyr vert skada, øydelagt eller slutta å virka.

11. Eleven følgjer skulens reglar for bruk av IKT-utstyr. Brot på desse blir sett på som brot på skulens ordensreglement. Dette kan blant anna medføre inndraging av retten til bruk av CB-en eller erstatningsansvar. Dette blir vurdert etter [skadeserstatningsloven](#), og [hensiktsforsett og sannsynsforsett](#). [Grov aktløyse](#) og/eller manglande innlevering kan òg medføre inndraging og erstatningsansvar. Sjå vedlegg nedst for [retningslinjer fra UDIR](#).

- ☐ Skade på eller manglande innlevering av CB, 1000,-
- ☐ Skade på eller manglande innlevering av lader, 150,-
- ☐ Skade på eller manglande innlevering pr. veske, brett penn og/eller headset, 100,-
- ☐ Skade på tastatur, 500,-

Lånekontrakt mellom [skolenavn] skule og _____ elev.
Vi stadfester at vi har lese og akseptert vilkåra i denne avtalen.

Dato: _____

Elevens namn (blokkbokstavar):

Eleven si underskrift:

Foreldre/føresette si underskrift:

Lånekontrakt – digitalt verktøy

Denne delen skal behaldast av eleven/foreldre

Vilkår for bruksrett

1. CB-en er registrert på eleven personleg, og den skal ikkje lånast ut til andre.
2. Skulen sørgjer for at kvar elev får låne ein CB og tilhøyrande utstyr (**ladar og veske**). Eleven tar godt vare på CB-en og utstyret som føl med.
3. CB-en skal alltid vere med på skulen tilstrekkelig lada.
4. CB-en skal berre brukast til læring, både på skulen og heime, slik vaksne på skulen bestemmer. På skulen skal den elles vere plassert i sekken/skapet eller lukka på pulten.
5. Brukarnamn og passord er personlege, og eleven sørgjer for at andre ikkje får kunnskap om desse.
6. Eleven gjer seg kjend med «nettvettreglene» og føl desse.
www.dubestemmer.no
7. Skulen kan når som helst be om å få tilbake CB-en av tekniske/praktiske årsaker, eller gjentatt brot mot reglementet. Eleven må i slike tilfelle levere tilbake CB-en.
8. Skulen kan sjekke og evt. slette innhald på eleven sin brukar/maskin etter først å ha varsla eleven om dette.
9. Skulen erstattar ikkje tap av personlege data som er lagra på CB-en. Av sikkerheitsgrunnar bør data lagrast andre stadar enn på maskina (*Min disk/G-Drive*).
Disk
10. Eleven kontaktar ein vaksen på skulen dersom CB-en eller tilhøyrande utstyr blir skada, øydelagt eller slutter å virke.
11. Eleven følgjer skulens reglar for bruk av IKT-utstyr. Brot på desse blir sett på som brot på skulens ordensreglement. Dette kan blant anna medføre inndraging av retten til bruk av CB-en eller erstatningsansvar. Dette blir vurdert etter [skadeserstatningsloven](#), og [hensiktsforsett og sannsynsforsett](#). [Grov aktløyse](#) og/eller manglande innlevering kan òg medføra inndragning og erstatningansvar. Sjå vedlegg nedst for [retningslinjer fra UDIR](#).
 - ☐ Skade på eller manglande innlevering av CB, 1000,-
 - ☐ Skade på eller manglande innlevering av lader, 150,-

- ☐ Skade på eller manglende innlevering pr. veske, brett penn og/eller headset, 100,-
- ☐ Skade på tastatur, 500,-

Lånekontrakt mellom [skolenavn] skule og _____ elev.

Vi bekreftar at vi har lese og akseptert vilkåra i denne avtalen.

Dato: _____

Eleven sitt namn (blokkbokstavar):

Eleven si underskrift:

Foreldre/føresette si underskrift:

Vedleg 1. [Erstatning av ødelagt undervisningsmateriell](#)

Kilde: Utdanningsdirektoratet.

Viss ein elev øydelegg, eksempelvis eit nettbrett eller lærebok, ved eit uhell, skal ikkje eleven måtte erstatte dette.

Viss ein elev øydelegg eller skader noko med vilje, er hovudregelen at eleven må erstatte det. Skulen må vurdere erstatningsansvaret ut i frå ein rimelighetsvurdering, og ta omsyn til mellom anna alderen på eleven, utvikling, utvist åtferd og økonomiske evne. Det er til dømes svært sjeldan at barn under sju år blir pålagt erstatningsansvar, men ein kan forvente meir av eit barn jo eldre det blir.

Foreldre kan òg bli erstatningsansvarlige. Dette gjeld i tilfelle der skaden har skjedd som følgje av at foreldre ikkje har passa på barnet sitt, eller ikkje har gjort det som er rimeleg å forvente for å forhindre at skaden skjer

[Erstatningsansvar følgjer av skadeserstatningsloven.](#)